

Isdal skog- og veglag

Isdalvegen

- Endra søknad 2022
- Vidare gjennomføring

29.8.2022

Isdal felles søkte Lindås kommune om løyve for bygging av skogsveg i 2018 på felles grunn i utmark. Sameige består av 9 bruksnummer, men det er 7 av desse som står for bygging og gjennomføring av skogsvegen.

Grunnlaget for bygging av veg er for uttak av planta gran der hovuddelen står i seg nord sør Seljedalen som ligg mellom gardsområda Isdal og Åse. Over tid er det peika på at skogsområdet nærma seg hogstmoden alder og anslag frå NOR-Tømmer tilseier at det er ein plass mellom 15 – 20.000 kubikk som kan takast ut frå området.

Underveis er Isdal skog- og veglag etablert og veglaget fekk løyve til bygging av veg tidleg i 2019. Samstundes vart det også søkt om ei ramme for tilskott til vegbygging på inntil kr.1.600.000,-. Allereie på dette tidspunkt gjorde me endringar i traséen for skogvegen etter synfaring og samråd med skogsentreprenør (Lerøy) og Lindås kommune.

I vår dialog med landbrukskontoret i Lindås og etter kvart Alver kommune har det heile vegen vore tydeleg at det er vanskeleg å levere en komplett og presis søknad da vegen dels blir til etter kvart, og trase vert lagt i samråd med kommunen og hogstentrepreneur. Dette for å sikre ei skånsom, effektiv og økonomisk akseptabel vegbygging.

Isdal skog- og veglag leverte difor ein endringssøknad i 2021 da veglinja vart endra frå fyrste søknad i samråd med nemnde partar. Sidearmar til vegen er etablert slik at uttransport av tømmer kan gjerast skånsomt og mest mogleg lønnsomt for involverte partar. Desse sidearmane er utelukkande etablert etter anvisning frå hogstentrepreneur og har skjedd fortløpende. Desse sidearmane vart skildra i søknad frå 2021.

Endra søknad


Isdal skog- og veglag viser til motteken rapport frå synfaring 17.8.2022, Alver kommune ved Miljø og tilsyn, og leverer med dette endra søknad om skogsveg.

Veglinja som no er bygd utgjer hovedstammen i veganleggget og er, etter vår oppfatning, gjort i samråd med landbruksavdelinga i Alver kommune og hogstentrepreneur. Tilkomsten har vore naudsynt for å få henta ut tømmer og no den delen av skogen som står på austre sida av Seljedalen mot Åse.

Vår opprinnelige plan og skisse frå søknad i 2018 var å legge vegen nede ved Langevatnet å krysse over heilt nede i dalen ved sørenden av vatnet. Dette gjekk med bort frå både fordi veglinja vart lagt meir opp i lia sørover og fordi inngrep ville vorte mykje meir synleg og avrenning mot Langevatnet meir sannsynleg.

Veganlegget pr. august 2022 er sjølvsagt synleg, men følger terrenget mykje betre med sitt utgangspunkt lengre oppe (sør) i dalen og med ei gradvis tilfylling av veggant med jord, såing og seinare planting vil veganlegget verte svært lite synlig og meir tenleg for å skjøtte skogen.

Kartutsnitt Istdal felles - Hogstområde



Kartutsnittet er eit oversiktskart overdel av utmarka til Istdal felles, gnr 185 bnr 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 10 og 13.

Hovuddel av hogstområdet heiter Seljedalen og det omtalte Langevatnet strekk seg nord-sør mellom Istdal og Åse.

Hovuddelen av skogsvegen (A) strekk seg frå avkjørsla på FV57 inn eit stykke nordaustover før det rundar mot sør i åsfoten langs Breimyra strekk seg heile dalen opp til snu- og velteplass nær ved gardsgrensa i gamle steingarden mot Indre Gjervik. Dette stykket er på 1,6km.

Andre hovuddelen av veganlegget (B) tar av mot aust godt oppe i dalen, kryssar bekken og følger i botn av ura nordover fram til hogstområde. Dette er heilt naudsynt for å kunne hogge og hente ut tømmeret på forsvalig vis. Denne delen av anlegget er på 0,5km.

Det er opparbeida to mindre sidearmar etter anvisning frå hogstentrepreneur (Gul) for å klargjere og lagre tømmer før uttransport. Dette er naudsynt tilrettelegging for at tømmerbilane skal ha trygge og forsvarlege arbeidstilhøve.

Døme på mellomlagring på sidearm. Det er naudsynt og få tømmeret rydda unna og mellombels lagra på ein forsvarleg måte. Gjennom drifta siste vinteren har vi til tider både bygd veg, gjennomført hogst og lagt til rette uttransport.



Rettleiing og gjennomføring

Vi vil med utgangspunkt i den dialogen vi har hatt med Lindås og seinare Alver kommune seie oss godt nøyd med det faglege rettleiinga vi har fått. At vegbygginga bør eller kan vere ein form for avklart dialog mellom kommune og oss som tiltakshavar oppfattar vi som fornuftig og ei praktisk tilnærming. Vi gjer dette ein gong i gardshistoria og må lene oss på den rettleiinga me får i utgangspunktet og dei konkrete råda som vert gitt av hogstfirma på staden.

Det vil vere svært utfordrande og i detalj planlegge eit slikt anlegg som strekk seg over tid og som er vanskeleg å sjå føre seg inni tette skogen. Med denne bakgrunnen vart vi difor litt overraska og slik sett kanskje ikkje heilt samd i konklusjonen etter tilsynet.

Vidare gjennomføring

Isdal skog- og veglag reknar seg som ferdig med vegbygging for hogstområdet og ser på denne endringssøknaden som siste del knytt til vegbygginga for å få ut virke frå området. Ut i frå tidlegare dialog forutset vi at denne vert imøtekomen.

Etter synfaring og råd frå landbrukskontoret er det framleis god vekst i resterande stående skog og denne delen av hogstområdet vert ikkje avverka før tidlegast om 4-5 år.

Vi har løyve til å ta imot dokumentert reine jordmassar som fylling på vegskråningane og dette mottaket av jord vil gå føre seg ei tid framover. Vi gjer forløpande planering og tilsåing i vegskråningane og sideareal med fare for avrenning. Vi forventar og at bekymringsmeldingane vil halde fram.

Bilete frå tilsynet (Alver kommune)



Rydding, fylling og tilsåing



Vidare delsøknad om offentleg tilskot kjem vi attende til og om det er naudsynt med endra søknad knytt til tilskot samla sett. Vi vil halde fram dialogen med landbrukskontoret og i naudsynt grad med avdelinga Miljø og Tilsyn.

Synfaring

I den grad det er ønskeleg med vidare synfaring knytt til veganleggget kan representant (-ar) frå veglaget stille på kort varsel.

Mvh

Hans Kristian Dolmen

Isdal skog- og veglag

91 59 04 29

hkdolmen@gmail.com